



DEN NORSKE KYRKJA

# Plan for kyrkjeleg undervisning og læring

Overordna del





# **Plan for kyrkjeleg undervisning og l ering**

Overordna del

# Innhald

Dåps- og misjonsbefalinga	6
Introduksjon: Om planen	8
<b>Kapittel 1: Samanheng og kontekst for kyrkjeleg undervisning og læring</b>	<b>14</b>
Utfordringar og moglegheiter i eit livssynsoppe og mangfaldig samfunn	16
Mennesket som søkande etter meining	17
<b>Kapittel 2: Gud, mennesket og verda: Teologisk grunnlagstenking</b>	<b>20</b>
Kyrkja sitt undervisnings- og læringsoppdrag	22
Den treeinige Gud	23
<b>Kapittel 3: Vere og lære: Pedagogisk grunnlagstenking</b>	<b>28</b>
Kunne noko og lære noko	31
Delta og samhandle	32
Skape og nyskape	35
<b>Kapittel 4: Leve og vekse: Innhald i kyrkjeleg undervisning og læring</b>	<b>36</b>
Bibel, tekst og tolking	38
Kyrkja sin kultur og tradisjon	40
Kristen tru i praksis	41
<b>Kapittel 5: Samisk kyrkjeliv: Språk, kultur og livssyn</b>	<b>46</b>
Etterverknader av fornorskinga og forsoning i praksis	48
Forankring i samisk kultur	50
Dei samiske språka	50
Å nærme seg det samiske på ulike måtar	52



<b>Kapittel 6: Likeverdig deltaking, medverknad og medborgarskap</b>	<b>54</b>
Likeverdig deltaking i kyrkjeleg undervisning og læring	57
Barrierar for deltaking	57
Medborgarskap, demokrati og representasjon	58
<b>Kapittel 7: Lokalt planarbeid</b>	<b>60</b>
Komunikasjonsarbeid	64
Evaluering, fagleg utvikling og fornying	65
<b>Kapittel 8: Ansvarsforhold og samarbeid om kyrkjeleg undervisning og læring</b>	<b>66</b>
Samarbeid i kyrkjelyden og med dei kristne organisasjonane	68
Frivillig medarbeidarskap	69
Heimen og barnet sine omsorgspersonar	70
Samarbeid med dei kristne organisasjonane	70
Samhandling med kommunen og andre aktørar	71
Skole, barnehage og tilbod etter skoletid	73
Samhandling med andre aktørar i lokalsamfunnet	73
<b>Referanseliste</b>	<b>74</b>

# Dåps- og misjonsbefalinga

## Matt 28, 18–20

### **Bokmål**

Da trådte Jesus fram og talte til dem: «Jeg har fått all makt i himmelen og på jorden. Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler: Døp dem til Faderens og Sønnens og Den hellige ånds navn og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere. Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

### **Lulesamisk**

Jesus de sijá ávddáj lájddástij ja sidjij sárnoj: «Munji le gájkka fábmó almen ja ednamin vatteduvvam. Mannit dan diehti gájkajt álm mugijt áhpadisálm mán dagátjit: gástadihtit sijáv Áhtje ja Bárne ja Ájlis Vuoinjanisá namán ja áhpadihtit sijáv gájkka mujsta vaddem budájt anodit. Ja mán lev dijá lunna gájkajt bievjijt gitta värálda náhkámij.»

### **Nordsamisk**

Dalle Jesus loaiddastii sin ovdii ja sártnui sidjiide: «Munnje lea addojuvvon buot fápmu almmis ja eatnama alde. Vulget dan dihte ja dahket buot álbmogiid mu máhttájeaddjin: Gásttašehket sin Áhči ja Bártni ja Bassi Vuoiŋga nammii ja oahpahehket sin doallat buot maid mun lean gohččon din doallat. Ja mun lean dinguin buot beivviid gitta máilmmi loahpa rádjái.»

### **Nynorsk**

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

### **Sørsamisk**

Dellie Jeesuse tjuedtjele jïh dejtïe soptseste: «Gaajhke faamoe elmierijhkesne jïh eatnamisnie munnjien vadtasovveme. Vaedtsede darjode gaajhkh almetjh learoehkinie: laavkode Aehtjien jïh Baernien jïh Aejlies Voejkenen nommesne jïh ööhpehtidie gaajhkem maam manne stilleme. Jïh dijjem dåeredem gaajhkide biejjide minngemes beajjan.»

Bibeltekstane er henta frå Bibelselskapet (bibel.no): Bibel 2024 (bokmål og nynorsk), Biibbal 2019 (nordsamisk – davvisámegiella), Áarjelsaemien bijpeleteksth, 2018 (sørsamisk – áarjelsaemien) og Ádå testamennta, 2004 (lulesamisk – julevsámegiella).

Introduksjon

# Om planen





Den norske kyrkja sitt undervisnings- og læringsoppdrag spring ut frå dåpsbefalinga. Den kristne fellesskapen skal gi vidare det som er gitt, og formidle trua sin bodskap. I dåpen får menneske frelse og eit nytt liv i Kristus. Gjennom å ta del i sakramenta – dåpen og nattverden – høyrer den døypte til i den lokale kyrkjelyden og til den verdsvide kristne fellesskapen. Dåp, læring og truspraksis høyrer saman. Bibelen og truvedkjenninga gir ei klar referanseramme både til innhaldet i den kristne trua og til hovudinnhaldet i kyrkjeleg undervisning og læring. Deltaking i gudstenestefeiringa, andre kristne praksisar og kyrkja sine aktivitetar gir læring og vekst.

Sjølv om kyrkja har eit særskilt ansvar for opplæring av menneske som er døypte eller søker dåp, er ho også ein tradisjons- og kulturformidlar, og kan bidra med kunnskap om kristen tru og praksis i eit livssynsoppe og mangfaldig samfunn. Gjennom dette kan menneske få hjelp til å leve og vekse i den kristne trua.

*Plan for kyrkjeleg undervisning og læring* skal inspirere og motivere sokneråd, tilsette og frivillige i det vidare arbeidet med kyrkjeleg undervisning og læring. Planen skal leggje til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknad og skapande aktivitetar. Målgruppa er alle døypte og interesserte. Kyrkja sitt tilbod og aktivitetar skal bidra til at:

- menneske som er døypte eller søker dåp får lære om og blir styrkte i den kristne trua
- alle døypte og interesserte får auka kjennskap til og kunnskap om tekstane i Bibelen, kristen tru i praksis og kyrkja sin kultur og tradisjon
- barn, unge og vaksne blir inspirerte til engasjement for kyrkja og verda

Foto: Malin Longva





Forståinga av kunnskap, undervisning og læring har endra seg over tid. Samfunnet og kyrkja har også utvikla seg. For at menneske skal kunne leve og vekse i den kristne trua, må kyrkja som fellesskap leggje til rette for at tradisjonane blir bevarte og skapte, og at trua blir praktisert. Kyrkjeleg undervisning og læring skal bidra til kristen livstolking og gi rom for menneske si søking, undring og refleksjon.

Plan for kyrkjeleg undervisning og læring erstattar *Gud gir – vi deler. Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja (2010)* og *Plan for samisk trosopplæring (2011)*. Trusopplæringsreforma, som starta i 2004,



hadde som oppdrag å utvikle eit systematisk og samanhengande trusopplæringstilbod for alle døypte. Det systematiske trusopplærings-tilbodet skulle ha eit omfang på 315 timar og kompensere for bortfall av kristen trusopplæring i skolen. Målgruppa for Trusopplæringsplanen var døypte i alderen 0-18 år.

Reforma gjorde synleg, fornya og systematiserte det pedagogiske arbeidet i Den norske kyrkja. Prinsippa i *Gud gir – vi deler* og breiddeperspektivet frå trusopplæringssatsinga er framleis viktige. Samtidig må undervisnings- og læringsaktivitetane sjåast i samanheng med anna arbeid i kyrkjelyden og ta utgangspunkt i lokal kontekst.

Nemninga for fagfeltet i denne planen er «kyrkjeleg undervisning og læring». Dette omgrepet tek i vare ei heilskapleg tilnærming, der det blir lagt til rette for både planlagde aktivitetar og spontan læring, for grunnleggjande kunnskap og fordjuping. Læring skjer på mangfaldige måtar og kan ikkje bli styrt, men kyrkjefellesskapen kan leggje til rette for vidareføring av truspraksis, kultur og tradisjon. Barn, unge og vaksne er kvarandre sine medvandrarar, som saman tek vare på, utforskar og formar kunnskap om tekst, tru og tradisjon.

Den overordna delen i planen skildrar teologisk og pedagogisk grunnlagstenking for kyrkjeleg undervisning og læring, og set dette arbeidet inn i konteksten av kyrkjelyden sitt heilskaplege arbeid. Innhaldet i overordna del blir konkretisert i rammeplanar for følgjande aldersgrupper: 0-5 år, 6-12 år, 13-19 år, konfirmasjonstida, unge vaksne og vaksne. Rammeplanane gir retning for utforming av lokale planar for forskjellige aldersgrupper.

Kapittel 1

**Samanheng og  
kontekst for kyrkjeleg  
undervisning og  
læring**



## Utfordringar og moglegheiter i eit livssynsøpe og mangfaldig samfunn

Kyrkjeleg undervisning og læring går føre seg i eit samfunn i stadig endring. Dagens samfunn er livssynsøpe og mangfaldig, med tilhøyrande utfordringar og moglegheiter. Generasjonsomgrepet er i endring og generasjonsskifte skjer stadig raskare.

Informasjonskjeldene er mange og rike, men kan framstå som uoversiktlege. Det er færre felles referanserammer i samfunnet. Mennesket kan ofte oppleve at det står åleine i si søking etter meining og identitet. Både unge og vaksne har fleire moglegheiter, og kunnskapen er meir tilgjengeleg. Samtidig blir det også stilt større krav til kvar einskild si evne til kjeldekritikk.

Digitalisering og sosiale medium er ein naturleg del av kvardagen til folk flest. Dette gjeld også barn og unge. Dette skaper nye fellesskap, men bidreg også til avstand. Verda er blitt «mindre» og meir tilgjengeleg, men kan også opplevast som fragmentert og utrygg. Krig og konflikhtar, økologiske kriser og uvisse om jorda si framtid skaper handlingsvilje og engasjement, men også apati. Mange menneske opplever fysisk eller eksistensiell einsemd og psykisk uhelse.

Kristen tru og kulturarv er ikkje lenger like synleg i samfunnet sine fellesarenaer. Nordmenn les Bibelen i mindre grad enn før. Kunnskapen om Bibelen og dei kristne tradisjonane er markant lågare enn i tidlegare generasjonar. Difor vil kristne tekstar, praksisar, historie, kulturarv og ritual kjennest som eit ukjent landskap for mange.





Foto: Malin Longva

## Mennesket som søkande etter meining

Den norske kyrkja som fellesskap er sett saman av eit stort mangfald av menneske, med ulik erfaringsbakgrunn, funksjonsgrad og identitet. Dei fleste er døypte som barn. Nokre søker dåp seinare i livet. Også menneske som av ulike årsaker ikkje er døypte søker til kyrkja og den kristne fellesskapen.

Alle skal få høve til å bli kjende med kyrkja sin tradisjon og kjeldene til kristen tru, livstolking og livsmeistring. Ved å vere open og inviterande kan kyrkja møte menneske sine eksistensielle spørsmål og søking etter





Foto: Ørjan Marakatt Bertelsen



tilhøyrslø. Gjennom desse møta kan barn, ungdom og vaksne finne ny kraft og fleire handlingsalternativ. Kyrkjelege undervisnings- og læringsaktivitetar kan leggje til rette for reflekterte og kjeldekritiske samtalar om tru og religion. Slik kan menneske få hjelp til å navigere i det religiøse landskapet og styrkje sin eigen identitet.

Forkunnskapen og referanserammene til den einskilde har innverknad på korleis ein oppfattar og tolkar tekstar, praksisar og nye erfaringar. Møte mellom menneske med ulike referanserammer krev openheit, respekt og interkulturell kompetanse. Interkulturell kompetanse handlar om å vere open for, og om å utvikle innsikt i, kulturelt og språkleg mangfald. Denne kompetansen har relevans for alle kyrkjelege undervisnings- og læringssamanhengar der forskjellige kulturar og subkulturar, identitetar og interesser møtest.

Språk er knytt til identitet. Samane i Noreg har status som urfolk. Samiske språk og teiknspråk er offisielle språk i Noreg, på lik line med målformene bokmål og nynorsk og norsk teiknspråk. Språk i ordets vidaste tyding skaper røyndom, meining og tilhøyrslø. Ei medviten haldning til bruk av forskjellige språk og språklege uttrykk opnar for inkluderande og dialogisk kommunikasjon. Musikk og kunst ber også i seg eit språk som både skaper og bekreftar identitet.

Når menneske opplever at deira kultur, språk og trusforteljing blir tatt på alvor, kan dei lettare finne sin plass i den kyrkjelege fellesskapen. Døvekyrkja og teiknspråkmiljøet er gode eksempel på dette. I møtet mellom forskjellige kulturelle og språklege uttrykk kan det også oppstå ny kunnskap og ei djupare forståing av andre og seg sjølv.

## Kapittel 2

# Gud, mennesket og verda: Teologisk grunnlagstenking





Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus.<sup>1</sup> Alle menneske er kalla til å ta imot evangeliet og tolke livet sitt i lys av relasjonen til den treeinige Gud. Kyrkja sitt oppdrag er å formidle dette til nye generasjonar. Kyrkjeleg undervisning og læring skal kvile på tradisjon og vere kontekstuell. Derfor må kyrkja alltid vere til stades der menneske er, og frimodig forkynne evangeliet i ei verd i stadig endring og utvikling. Kristne tradisjonar er blitt til ved at truande gjennom historia har brukt kyrkja sine tekstar og praksisar i sine fellesskap. Den kontekstuelle nytolkinga skjer når evangeliet møter levd liv og menneskelege erfaringar.

### **Kyrkja sitt undervisnings- og læringsoppdrag**

Kyrkja sitt undervisnings- og læringsoppdrag spring ut frå dåpsbefalinga. Kyrkja døyper i den treeinige Guds namn fordi Jesus sa «Døyp dei og lær dei!». Dåpen er eit sakrament, ei heilag handling, der den døypte får del i fellesskapen med Jesus Kristus. Gjennom Guds nåde og frelse får den døypte ein levande og fornya relasjon til den treeinige Gud, ein livslang og lærande relasjon. Derfor høyrer dåp, læring og truspraksis saman.

Når barn blir døypte, får foreldre og fadrar eit ansvar for opplæring av den døypte. Dette ansvaret deler dei med heile kyrkjelyden som ein truande fellesskap. Den døypte blir også ein del av den verdsvide kristne fellesskapen.<sup>2</sup> Både for døypte og ikkje-døypte har kyrkja si undervisning som føremål å vekkje og styrkje kristen tru og gi kjennskap til den treeinige Gud. Gjennom livets ulike fasar, og i møte med endringar i samfunnet, kan trua vere eit grunnlag for livstolking og livsmeistring og inspirere til engasjement i kyrkje og samfunn.





## Den treeinige Gud

Alt det skapte er elska av Gud og har ein uendeleg verdi. Naturen har ein eigenverdi og skal respekterast og takast i vare med dette utgangspunktet. Mennesket er skapt i Guds bilete og har eit særskilt forvaltaransvar i verda. Ei berekraftig verd treng eit menneskesyn og eit natursyn som ser på alt det skapte med godheit og respekt, og som står opp mot urett. Å gi hjelp til dette er sentralt i kyrkja sitt arbeid med undervisning og læring. Alle menneske, uavhengig av funksjons- evne, kjønn, etnisitet, sosial status, legning og identitet, skal sikrast likeverdige moglegheiter til deltaking og til å finne kjelder til livskraft, glede og inspirasjon.

Foto: Malin Longva



Å vere eit menneske er også å vere feilande og sårbar. Eit kristent menneskesyn veit at synd er ein del av mennesket sine livsvilkår, og at menneske påfører kvarandre smerte gjennom tankar, ord og handlingar. Når ein i kyrkjeleg undervisning og læring skal snakke sant om å vere menneske, må det både snakkast om det å vere skapt i den treeinige Guds bilete, og om det som er vondt, urettferdig og utilstrekkeleg.

Samtidig vitnar den kristne trua om at mennesket og skaparverket ikkje er overlate til synd og forgjengelegdom, men at Gud i sin kjærleik har sendt son sin til frelse for verda. I Jesus Kristus blei Gud sjølv menneske. Han forkynte evangeliet om Guds rike, reiste menneske opp og baud dei inn til fellesskap med seg. Ved å døy på krossen sona han verdas synd og skuld, og gjennom si oppstode vann han over dødens makt. Gjennom trua på Jesus får menneske del i frelsa og det evige liv.

Forteljinga om Jesus viser at livet vinn over døden, at kjærleiken er sterkare enn vondskapen og at dei destruktive kreftene i verda blir overvunne av gudsrikets krefter. Dette gir framtidshåp for menneske i alle aldrar og til alle tider. Kyrkjeleg undervisning skal leggje til rette for livslang læring, der barn, unge og vaksne skal bli kjende med forteljingar om Jesu liv, død og oppstode. Dei skal også få kunnskap om og ta del i sakramenta og mangfaldige kristne praksisar. Saman kan dette gi hjelp til livsmeistring, til å styrkje trua og til å tolke livet sitt i lys av Guds store forteljing.



Ved Den heilage ande gir Gud liv til alt som lever, og gjennom Anden blir tru skapt, slik at menneske får del i Jesus Kristus og frelsa sine gåver. Anden kallar og utrustar til teneste, og gjennom Anden blir kyrkja til. Kyrkja er kalla til å ta del i den treeinige Guds misjon i og for verda, som Jesu vitne i ord og gjerning, lokalt og globalt. Den apostoliske truvedkjenninga skildrar kyrkja som både heilag og allmenn.



Foto: Sven-Erling Brusletto

I gudstenesta og i nattverdfeiringa kjem den kyrkjelege fellesskapen på ein særleg måte til uttrykk. Det er kyrkja si tru at Gud er til stades ved sin Heilage ande i dei møta som skjer. Når menneske samlast i kyrkja til kvardag og fest, er Anden til stades og gjer ordet og trua levande. Derfor ligg det i kyrkja sin natur å vere open og inviterande. Forteljingane i Bibelen minner om at Gud verkar på måtar menneske ikkje har kontroll over. Den heilage ande sluttar aldri å skape liv og å fornye.

Fellesskapen i kyrkja er mangfaldig og i rørsle. Barn, ungdom og vaksne kjem for å samtale, for å oppleve, for å lære, for å leike, for å bidra, for å le og for å gråte. Nokre deltek ofte og nokre sjeldan. Kyrkja ser verdien i alle små og store fellesskap, både dei som varer over tid og dei som oppstår spontant. Kyrkja sitt arbeid skjer først og fremst lokalt. Samstundes er kyrkja sin fellesskap også global. Menneske over heile verda søker til kyrkja i kvardag og høgtid for å høyre ordet forkynt, og for å ta del i sakramenta.

Inga skildring av historie eller kristen tru er nøytral. Derfor er det stadig behov for tolkande blikk bakover så vel som nye spørsmål: Kva erfaringar er blitt sett på som gyldige? Kva forståingar har hatt forrang framfor andre? Kva har blitt sett på som verdfullt? Jesus utfordra maktstrukturane i si samtid. Det er nødvendig å stille spørsmål rundt kven som har hatt og har makt til å tolke og definere kristen tru og praksis. Alle som på ulike måtar er i ein minoritetssituasjon skal erfare at deira bakgrunn er verdfull og at kyrkja sitt rom er trygt. Å snakke om makt og privilegium og adressere dette er ein del av kyrkjeleg undervisning og læring.

Kapittel 3

**Vere og lære:  
Pedagogisk  
grunnlagstenking**







Omgrepet «undervisning» i denne planen viser til alle målretta og planlagde aktivitetar som gjennom varierte arbeidsmåtar og metodar legg til rette for læring. Samtidig skjer mykje av læringa i kyrkja i meir uformelle samanhengar, når menneske er samla til gudstenester eller ved kvardagsaktivitetar. Som deltakarar er menneska aldri passive mottakarar, men påverkar og formar eiga læring. Barn, ungdom og vaksne er truande subjekt, som i fellesskap opnar tekstar, tradisjon og tru.

Å vere undervegs kan vere eit godt bilete på kyrkjeleg undervisning og læring. Det er ein kontinuerleg prosess som knyter tidlegare kunnskap og livserfaringar til ny kunnskap og erfaring. Deltakarar i denne prosessen er kvarandre sine medvandrarar. Det er likevel ofte nokon, enten tilsette eller frivillige, som har eit spesielt ansvar for tilrettelegging og innhald i aktivitetane. Tilsette og frivillige bør ha ei open og dialogisk haldning, skape trygge læringsmiljø og nytte eit breitt spekter av pedagogiske verktøy.



*Foto: Helene Moe Slinning*

Læring er ofte relasjonell. Å høyre til ein fellesskap, å vere sett og ønskt er eit grunnleggjande menneskeleg behov. Ved å anerkjenne eit anna menneske som ein unik person og ein kompetent deltakar i sine eigne læringsprosessar, byggjer ein trygge læringsrom. Læring skjer som regel best der ein ønskjer å vere. I trygge og dialogiske samanhengar kan deltakarar våge seg ut av komfortsona og oppleve meistring.

Formidling av tru har alltid vore viktig for kyrkja. Luthers vesle katekisme bidrog til å gjere innhaldet i trua kjent for vanlege folk. Gjennom arbeid med dåps- og trusopplæring har kunnskapsforståinga i Den norske kyrkja blitt utvida og nyansert. Den har endra seg frå meir tradisjonell forståing av kunnskap, som tileigninga av katekismestoffet, til større fokus på læring gjennom deltaking i kyrkja sine ulike praksisar. Ei tredje tilnærming til kunnskap i kyrkja er at den blir til i læringsprosessene, gjennom samhandling. Kunnskap blir skapt av alle deltakarar i fellesskap og er alltid i rørsle.

## **Kunne noko og lære noko**

Alle menneske veit og kan noko. Læring skjer i samspelet mellom det mennesket veit og kan, og det innhaldet som ligg i kyrkja sitt læregrunnlag, tradisjon og praksis. Kjennskap til og kunnskap om sentrale omgrep og artefaktar, forteljingar og ritual gir deltakarar gode verktøy til å forstå kyrkja sitt språk, kultur og praksis. Kunnskap i kyrkjeleg kontekst omfattar også ferdigheiter og erfaringar.

Kunnskapsdanning i kyrkja kan skje på ulike måtar – gjennom formidling, samhandling og opplevingar. Forteljarmetodikk kan vere eit nyttig verktøy når innhaldet i bibeltekstene blir formidla. For at

konfirmantane skal hugse Fadervår og truedkjenninga er det viktig å finne metodikk som støttar opp under dette. Øving er avgjerande når ein skal lære song eller musikkstykke. For å kunne medverke med medliturgiske oppgåver i gudstenesta, må ein lære dei nødvendige ferdigheitene gjennom å øve saman med andre, gjerne med nokon som er meir erfarne. Det digitale læringsrommet krev ei anna pedagogisk og relasjonell tilnærming enn dei tradisjonelle læringsarenaene. Samtidig kan det leggje til rette for læring på engasjerande måtar.

Mykje av kunnskapen ligg i det emosjonelle minnet eller i kroppen sitt minne. Denne kunnskapen kan kome til uttrykk på ein annan måte enn gjennom det verbale språket. Slik taus kunnskap kan til dømes byggje på erfaringar frå kvardagskontekstar og kyrkjelege samanhengar. Kyrkjeleg undervisning kan bidra til å finne uttrykk for desse erfaringane, og setje dei i samanheng med annan kunnskap og erfaringar.

## **Delta og samhandle**

Ein kan forstå læring gjennom deltaking som involverande aktivitetar, der ein i fellesskap blir kjent med eit bestemt læringsinnhald. Gjennom deltaking i kyrkja sine ritual og kyrkjelydens mangfaldige aktivitetar kan menneske skaffe seg kognitiv og praktisk kunnskap, men også emosjonell og relasjonell kompetanse. Deltakarrolla i kyrkjelege undervisnings- og læringsaktivitetar kan ein forstå forskjellig. Ein kan forstå deltaking som å vere aktivt involvert og å ha ansvar og oppgåver.

Deltaking kan ha mykje til felles med medvandring, der to eller fleire







menneske deler sine trusopplevingar, kunnskap og refleksjonar. Ikkje minst kan det å delta reint endeframt seie å vere med – utan at fellesskapen har forventning om bidrag og prestasjon. Kyrkjeleg undervisning og læring skal leggje til rette for eit breitt spekter av deltaking, der deltakarar formar si deltakarrolle.

Læring gjennom deltaking skal prege både uformelle og formelle læringskontekstar i kyrkja. Å gjere noko saman og undre seg i fellesskap inspirerer til læring og hjelper med å forstå og hugse. Gjennom involverande aktivitetar, vandringar, samtalar og kreative prosjekt skjer det læring på eit djupare nivå. Dette gir utvikling av



Foto: Bo Mathisen

eigen trusidentitet og danning – og det bidrar til kvar einskild sin evne til livstolking og livsmestring.

For å nå ut til flest mogleg må kyrkja leggje til rette for deltaking på fleire arenaer enn kyrkjebygg og kyrkjelydshus. I nærmiljøet finst det ofte stader som kan bidra til læring på kreative, utforskande, involverande og dialogiske måtar. I det digitale rommet treff ein andre menneske enn dei som møter opp fysisk. Dette opnar opp for at fleire kan delta, men også at ein kan samhandle på nye måtar.

## **Skape og nyskape**

Kvart menneske, uansett alder og funksjonsnivå, tek noko unikt med inn i lærings situasjonen. Det må opnast rom for at livs- og trusforteljingane til menneske får plass i kyrkjelege undervisnings- og læringskontekstar. Som subjekt i si eiga læring er ikkje mennesket berre mottakar og bidragsytar i læringsfellesskapen, men også med-skapar av ny kunnskap.

I kyrkjelege læringskontekstar må det vere openheit for at det ikkje er råd å kontrollere utfallet av undervisninga. Kyrkjelege undervisnings- og læringsaktivitetar skal leggje til rette for at deltakarane vågar å utforske og utfordre tradisjonsrike tekstar, kulturelle uttrykk og praksisar, slik at desse kan bli tolka inn i notida. Innhaldet i kyrkjeleg undervisning og læring skal invitere til etisk refleksjon, engasjement og kreativitet. Slik blir deltakarar medskaparar. I prosessen kan det oppstå nye tekstar, praksisar og tradisjonar. På denne måten kan barn, ungdom og vaksne medverke til å skape dagens og morgondagens kyrkje, bidra til å bevare og fornye tradisjonar og til å utvikle teologi.

Kapittel 4

**Leve og vekse:  
Innhald i kyrkjeleg  
undervisning og læring**





Tre innhaldselement er sentrale i kyrkjeleg undervisning og læring: Bibel, tekst og tolking, kristen tru i praksis og kyrkja sin kultur og tradisjon. Saman bidrar dei til kristen livstolking og livsmeistring.

Alt menneskeleg vedkjem den kristne trua. Kristen livstolking inneber å forstå seg sjølv og tilværet i lys av relasjonen til Gud, seg sjølv, andre menneske og heile skaparverket. Livsmeistring handlar om å kunne møte livet i gode og vonde dagar, å ha tru på eigne ressursar og håp for framtida. Gjennom kyrkjeleg undervisning og læring skal menneske få hjelp til å leve livet i kvardag og høgtid, i sorg og glede, i krise og oppbrot, åleine og i fellesskap.

## **Bibel, tekst og tolking**

Kyrkjeleg undervisning og læring skal ta i bruk eit mangfald og ei breidde av bibelske tekstar, både frå Det gamle testamentet og Det nye testamentet. Dette kan gje høve til å tolke eige liv og å utforske





kristen tru på nye måtar. Bibelen er sentral i all kyrkjeleg undervisning og læring. Tekstane i Bibelen er berande ved dei kristne høgtidene og gjennom kyrkjeåret. Dei blir lesne og formidla i gudstenester, i kyrkjelege ritual og i kvardagstilbod og dannar ei felles referanse-ramme for kyrkja. Historisk har Bibelen prega allmennkulturen, språket og kunstartane.

Bibelen si rolle i samfunnet har endra seg, og mange av bibelforteljingane er ikkje i like stor grad som tidlegare kjende for nye generasjonar. Kyrkjeleg undervisning skal leggje til rette for læring, der menneske blir kjende med Bibelen og får eit forhold til bibelske forteljingar. Kunnskap om Bibelen og kjennskap til tekstane i Bibelen kan gje tryggleik i eiga tru og tradisjon, men også hjelp til refleksjon og kritisk tenking. Bibelen er skriven i ei anna tid og i ein annan kultur, og har eit språk og eit verdsbilde som kan verke framand. Samtidig er Bibelens tekstar slitesterke, og kan vere relevante i ulike livsfasar og livssituasjonar. Bibelen er samansett av eit mylder av ulike tekstar. Desse kan vere rørende, rare, utfordrande, morosame eller mystiske.

Ulike faglege tilnærmingar knytte til val av tekstar er ein styrke. Bruk av tekstar må vere tilpassa målgruppa. Dette inneber også å velje tekstar som tek opp vanskelege sider av livet, og der menneske sine livserfaringar blir prøvde mot bibeltekstene som blir lesne.

Bibelforteljingar er også eit godt utgangspunkt for samtale om livsnære og kvardagsaktuelle tema som tru og vitskap, menneskesyn og menneskeverd, relasjonar, utanforskap og einsemd, sjukdom og død, rettferd og ulikskap, klima, miljø og berekraft, krig og fred.

Bøkene i Det gamle testamentet er heilage skrifter også i jødedommen, og Det nye testamentet blei til i ein jødisk kontekst. Kyrkjeleg undervisning og læring må derfor vere prega av eit reflektert forhold til det jødiske. Det er viktig at kyrkja ikkje medverkar til karikerande og stereotypiserande skildringar av jødedom og jødar, men snarare bidreg aktivt til å korrigere slike oppfatningar.

## **Kyrkja sin kultur og tradisjon**

Den norske kyrkja rommar eit mangfald av tradisjonar, og kyrkja forvaltar ein rik materiell og immateriell kulturarv. Den kyrkjelege kulturarven, med sine stadar og bygningar, kunst og arkitektur, salmar, tekstar og munnleg formidling, gjev moglegheiter for å utvikle teologi og læring som er både stadeigen og dialogisk. Samtidig viser arkitektur, kunst og musikk at kyrkja aldri har vore eit reint lokalt eller nasjonalt prosjekt. Arven er – og har alltid vore – del av ein større, global kyrkjeleg fellesskap.

Utforminga av kyrkjerommet rommar ei forteljing med røter i både Bibelen, historia og teologien. Kyrkjerommet er difor ein rik læringsarena i seg sjølv, som legg til rette for opplevingar, deltaking, menneskemøte, truserfaringar, refleksjon og kunnskapsdanning.

Kristne tradisjonar vert overleverte frå generasjon til generasjon, og formar seg av menneske som har brukt dei gjennom tidene. Døme på slike tradisjonar er feiring av kristne høgtider, pilegrimstradisjonar og bruk av orgel i gudstenesta. Lokale tradisjonar og kulturelle uttrykk er med på å forme identitet, å fortelje stadens historie samt å stimulere til kulturell nyskaping. På same måten som bibeltekstar må også tradisjonar og kultur eigast og tolkast på nytt av nye generasjonar.





Dei bibelske tekstane har gjennom generasjonar inspirert menneske til å skape eigne tekstar – alt frå salmar og bønner til teologiske og faglege betraktningar. Desse tekstane høyrer til tekstrikdomen i kyrkja, og bør takast aktivt i bruk som kjelder til kunnskap, refleksjon og inspirasjon.

Historia har også sine skuggesider, der kyrkja har bidratt til avstand og utanforskap. Når ein formidlar kyrkjeleg kultur og tradisjonar er det viktig å oppretthalde ein kritisk refleksjon rundt makt og misbruk av makt, også i møte med kulturelle uttrykk og forståing av korleis tradisjonar blir til og overførte til nye generasjonar.

### **Kristen tru i praksis**

Kyrkjeleg undervisning og læring skal knytast til levd liv og menneskelege erfaringar. Kristen tru i praksis handlar om å bruke sakramenta, å ta del i ritual og liturgiar og synge og be saman.

Deltaking i desse praksisane gjev menneske høve til å sanse, oppleve og tileigne seg kunnskap med heile kroppen - utan nødvendigvis å forstå, forklare eller sette ord på erfaringa.

Gudstenesta er pulsslaget til kyrkja. Då samlast kyrkjelyden, på tvers av generasjonar, om Ordet og sakramenta, bøn og lovprising.

Gudstenesta vil difor både vere eit tema i undervisninga og ein viktig arena for læring.

Misjon og diakonalt arbeid er også å gjere trua. Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd hjelper mennesket til å sjå seg sjølv og andre som skapte i Guds bilete. Det motiverer til å leve berekraftig og engasjere seg i samfunnet, i verda og i andre menneske sine liv.

Kyrkjelydane i Den norske kyrkja inviterer til eit breitt spekter av kvardagsaktivitetar. Det styrkjer eigarskapen til det som blir formidla og har eigenverdi som kristen praksis når ein kan ta del i, utvikle, utforme og påverke innhald og form i desse kvardagsaktivitetane. Læringa skjer gjennom varierende uttrykksformer som kor og annan song, drama, dans og andre skapande aktivitetar. Gjennom ulike kunstformer og kreative uttrykk blir det skapt ei oppleving av tilhøyrslø. Læringa skjer også gjennom leik og praktiske oppgåver. Slik kan kvar enkelt utvikle forståing, dugleik og evne til livstolking og livsmeistring også på andre premissar enn dei reint språklege.

Å «gjere tru» kan også handle om kvardagspraksis heime, til dømes å be ei bordbøn, ta i bruk bibelmeditasjon eller tenne eit lys. Kristne praksisar er svært mangfaldige. Nokre er kjende på tvers av

landegrenser og kyrkjesamfunn, medan andre er knytte til lokale tradisjonar. Praksisane blir utvikla og tilpassa av menneska som tek dei i bruk i den lokale konteksten og kulturen.









## Samisk velsigningspraksis

Gudsrelasjonen i samisk tradisjon er ofte tett knytt til praksis. Dette kjem til uttrykk gjennom samisk velsigningspraksis – *sivdnidit/sjievnnjidadit/sjivnedidh*. Alle kan utføre velsigninga, og det krev ingen spesielle kjønn, alder eller spesielle eigenskapar hos den som gjer det. Det er ein måte å kommunisere med både Gud og skaparverket på, gjennom ord eller handling, og kan skje i mange ulike situasjonar.

Samisk velsigningspraksis er ein kvardagspraksis, og kjem til uttrykk gjennom små ritual som å korse seg eller be ei bøn for stadar ein kjem til eller reiser frå. Velsigninga er ein måte å praktisere audmjukskap og takksemd på, samtidig som ho minner oss om ansvaret vi har for kvarandre og for alt det skapte. *Sivdnidit/sjievnnjidadit/sjivnedidh* i ein kristen kontekst er å leve og tolke livet sitt i lys av den kristne trua.

Kapittel 5

**Samisk kyrkjeliv:  
Språk, kultur og  
livssyn**







Det å inkludere samiske perspektiv i Plan for kyrkjeleg undervisning og læring har tre føremål: Først og fremst skal samar kunne forme sitt eige kyrkjeliv i pakt med si samiske sjølvforståing. Det andre føremålet er å styrkje kyrkjelyden sine føresetnader for å møte menneske med samisk tilhøyrse på ein måte som tek behova deira i vare. Det tredje føremålet handlar om å gjere samiske tradisjonar kjende for alle kyrkjelydar. Desse tre føremåla er med på å fremje samisk kyrkjeliv som ein del av Den norske kyrkja sin tradisjon.

### **Etterverknader av fornorskinga og forsoning i praksis**

Samar som urfolk har grunnlovsfesta rett til å utvikle språket, kulturen og samfunnslivet sitt. Definisjonen av urfolk er at dei har eige språk

Foto: Kirkerådet



og eigen kultur, og at dei har budd i områda før statens grenser blei fastlagde. Eit fellestrekk i mange urfolk si historie er at deira kultur tidlegare har vore forsøkt undertrykt frå sentrale styresmakter si side. Slik har situasjonen i Noreg også vore.

Fornorskingspolitikken, som norske styresmakter førte mot samane og andre nasjonale minoritetar - og kyrkja sin medverknad til denne undertrykkinga - fekk store konsekvensar for minoritetane sin identitet og kultur. Generasjonstraume er éin konsekvens av dette. Desse trauma er som usynlege sår, med sterke etterverknader som blir overførte frå generasjon til generasjon. Dei synest ikkje på kroppen, men er verksame i menneske si sjølvkjensle og sjølvforståing.

Det kan vere vondt å bli minna på denne skuggesida ved kyrkja si historie. Samstundes kan kyrkja gjere noko positivt i dag, gjennom at kyrkja som fellesskap tør å setje ord på tidlegare haldningar og vanskelege hendingar. Gjennom kunnskap og innsikt i kva fornorskinga har innebore, kan kyrkjeleg undervisning og læring vere med å lækje sår som blei påført både samane og andre minoritetar i fornorskinga sitt namn. Vesentlege element i ei kvar forsoning er kunnskap og sannferdig framstilling av tidlegare og nyare historie.

Den norske kyrkja har gjennom kyrkjeordninga forplikta seg til å verne og fremje samisk kyrkjeliv. I det ligg det å anerkjenne den kulturelle eigenarten og djupna i samisk sjølvforståing og kristendomsforståing. Likeverdprinsippet er omtala i *Strategiplan for samisk kirkeliv* og handlar om sjølvråderett og medråderett.<sup>3</sup> I kyrkjelege undervisnings- og læringskontekstar handlar dette om at samiske tradisjonar, musikk og kultur får plass.

## **Forankring i samisk kultur**

Samisk kyrkjeliv kjem til uttrykk på ulike måtar. I område der det i dag bur mange med samisk tilhøyrse, og som brukar samisk i daglegtalet, kan kyrkjelydane ha større tilgang på kyrkjeleg tilsette og frivillige som er samiskspråklege - og som har samisk kulturkompetanse.

I kyrkjelydar der menneske med samisk tilhøyrse er i mindretal, og dermed mindre synlege i kyrkjelyden, vil det likevel vere naturleg å nytte samiske element i kyrkjeleg undervisning og læring. Det kan nyttast synlege identitetsmarkørar og kulturuttrykk som samiske språk, samisk kyrkjekunst, samiske handverkstradisjonar i kyrkjetekstil og salmetradisjonar som er forankra i den samiske kulturen. Det er ein styrke for kyrkjelyden å ha samisk kulturforståing i kyrkjeleg undervisning og læring. Samar skal oppleve å bli tekne på alvor i kyrkja. Dette føreset at kyrkjeleg tilsette med undervisningsansvar forstår at inkludering av det samiske skjer gjennom praksis.

## **Dei samiske språka**

Språk er viktig i kommunikasjon og i måtar å sjå verda på. Språk er identitet og skaper tilhøyrse, både for enkeltindividet og for samfunnet. Både sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk er offisielle språk i Noreg. Samelova § 1-5 slår fast at dei samiske språka og norsk er likeverdige språk. Bispedøma i Nidaros (sørsamisk språkområde), Sør-Hålogaland (lulesamisk språkområde) og Nord-Hålogaland (nordsamisk språkområde) har eit særskilt ansvar for å sikre samisk kyrkjeliv.<sup>4</sup> Dei lokale forholda kring kyrkjelyden og den geografiske plasseringa avgjer ofte kva av dei samiske språka som blir nytta. Mange samar miste språket sitt gjennom fornorskingsprosessar, og fekk dermed ikkje sjans til å føre den språklege arven






Foto: Ellevill

vidare til eigne barn. Å få høyre, sjå eller lese hjartesspråket sitt i kyrkja sender eit signal om at ein høyrer til fellesskapen.

I Den norske kyrkja skal dei samiske språka vere likeverdige med det norske språket. Det betyr ikkje at språkpraksisen er eller bør vere lik i alle kyrkjelydar, men at samisk vert anerkjent på linje med norsk. Dette fordrar at kyrkjelydane er medvitne om korleis dei samiske språka i praksis skal vere inkluderte i kyrkjelege undervisnings- og læringskontekstar. Her er *Strategiplan for samisk kirkeliv* ein god ressurs.

## Å nærme seg det samiske på ulike måtar

Ein kan og bør bruke ulike måtar å nærme seg kyrkjeleg undervisning og læring med samisk innhald. I Noreg finst det samiske område frå nord til sør. Å inkludere det samiske er like viktig same kvar i landet den kyrkjelege undervisninga og læringa går føre seg. Det gjeld ikkje berre dei områda der mange i befolkninga definerer seg som samar. Å tenkje at det samiske berre er ei lokal sak i nokre få område gjer at befolkninga elles ikkje blir kjend med samisk kyrkjeliv.

Det finst ulike språklege og kulturelle grupper av samar, og vilkåra for å praktisere samisk språk og kultur er ulike rundt om i landet.

Innhaldet i samisk kyrkjeleg undervisning og læring vil difor variere frå stad til stad. Det er eit mangfald av samiske kristne praksisar og tradisjonar. Dette føreset at kyrkja vågar nyansere korleis det samiske kan kome til uttrykk lokalt.

Døme på samiske kyrkjelege tradisjonar er heimedåp av barn, utdeling av komsekuler til nydøypte og eit stort tal gudforeldre eller fadrar ved stadfesting av dåp i kyrkja. Andre døme er bruk av kofte ved konfirmasjon, samiske salmetradisjonar, lokale samiske gravferdstradisjonar og bruk av joik som ein del av kyrkja sin liturgi. Også bruk av lavvo eller gamme frå det samiske kulturlandskapet ved kristne samlingar blir opplevd som verdfullt for mange. Dette er tradisjonar ein skal møte med respekt.

Kyrkjelivet i det samiske samfunnet har ulike trusuttrykk. I nord- og lulesamiske språkområde har læstadianismen historisk vore ein sentral del av kyrkjelivet. I sørsamisk språkområde har det frikyrkjelege prega mange av dei samisk-kristne praksisane og tradisjonane. Kvar stad har



si historie og sine menneske som set sine spor lokalt. Kyrkjeleg undervisning og læring skal skape rom for dette, og ønskje det store mangfaldet av samiske trusuttrykk velkomne – ikkje berre dei tradisjonelle, men også nye uttrykk. I nyare tid skjer det ei revitalisering av samisk identitet og kultur. Dette påverkar også samisk kyrkjeliv. Fleire ønskjer å ta tilbake ein identitet som gjekk tapt under fornorskinga og å ta del i eit kyrkjeliv med samiske perspektiv. Kyrkjeleg tilsette med ansvar for undervisning treng kompetanse om samiske forhold for å gi rom for samiske perspektiv, praksisar og tenkjemåtar.

Foto: Ørjan Marakatt Bertelsen





Kapittel 6

**Likeverdige  
deltaking, medverknad  
og medborgarskap**







Medborgarskap handlar om at alle menneske, uavhengig av alder og funksjonsnivå, skal ha dei same moglegheitene for deltaking og påverknad. Likeverdig deltaking betyr mellom anna at alle menneske skal ha moglegheit til å medverke i eigne læringsprosessar.

Nokre menneske har i mindre grad enn andre moglegheit til å vere aktive medborgarar. Funksjonshemming, psykososiale utfordringar, økonomiske barrierar eller kulturell bakgrunn er døme på årsaker til at enkelte grupper opplever utanforskap, marginalisering og einsemd. Kyrkja må jobbe med å byggje ned desse barrierane, slik at den breie invitasjonen til kyrkjeleg undervisning og læring kan vere reell.



## **Likeverdig deltaking i kyrkjeleg undervisning og læring**

Sidan kyrkja inviterer alle døypte og interesserte til undervisning og læring, må tilbodet vere tilgjengeleg og ope for alle. Fellesskap skal vere prega av anerkjenning og likeverd, der barn, ungdom og vaksne kan ta del på eigne premissar og oppleve tilhøyrslø. Dèt føreset at undervisninga er både relasjonell, tilrettelagt og prega av kunnskap om menneskerettar, menneskeleg mangfald og sårbarheit. Universell utforming og individuell tilrettelegging skal sikrast. Mange stader er bygg, rom og område med redusert tilgjenge er ei utfordring. Så langt som råd må ein sikre at aktivitetar ikkje ekskluderer enkelte grupper eller individ.

Kvar einskild sitt behov for tryggleik og støtte krev fleksibilitet og merksemd. Ein bør prioritere undervisnings- og læringsaktivitetar som har rom for stort mangfald av deltakarar. Samstundes vil det vere behov for individuell tilrettelegging og eiga undervisning for somme deltakarar. Ein må ha høgt medvit om når det er behov for dette, og kva konsekvensar det kan ha. Individuell tilrettelegging krev tillit mellom dei involverte. Tillit er vanskeleg å byggje dersom kunnskap manglar og barrierane er store.

Undervisningsrammene må syte for at det er nok tilfang av menneskelege ressursar, tid og tverrfagleg kompetanse til å innfri målet om likeverdig deltaking.

## **Barrierar for deltaking**

Menneske med funksjonsnedsetjingar skal oppleve anerkjenning, tilhøyrslø og tilgjenge. Difor er det viktig å identifisere, redusere og fjerne både fysiske, sosiale og kulturelle barrierar for deltaking.

Manglande universell utforming og tilrettelegging stenger menneske ute frå likeverdig deltaking. Dette gjeld først og fremst deltakarar i undervisnings- og læringsaktivitetar, men også føresette eller pårørande, frivillige og tilsette. Arbeid med universell utforming og tilrettelegging byrjar med ei haldningsendring. Ekskluderande haldningar kan kome til uttrykk gjennom språk, sosiale praksisar, makt, normer, strukturar, prioriteringar av ressursar og mangel på informasjon.

Universell utforming av læringsmiljøet bidreg til betre læring for alle deltakarar. Når det blir lagt til rette for eit mangfald av menneske med variasjonar i funksjonsnivå, psykisk helse og føresetnader for læring, utvidar ein fellesskapet sitt repertoar for uttrykk og samhandling.

## **Medborgarskap, demokrati og representasjon**

I religiøs samanheng betyr Medborgarskap å kunne ha eit trusliv, vere religiøst aktiv og velje grad av religiøs deltaking og medverknad. Det inneber å kunne setje eigne ord på erfaringar, stille spørsmål og undre seg.

Kyrkjeleg undervisning og læring skal anerkjenne og styrkje retten alle barn, ungdom og vaksne har til å vere aktive kyrkjemedlemmar og samfunnsborgarar som kan utøve påverknad og medverknad. Så lenge personar eller grupper ikkje har dei same moglegheitene som alle andre er det behov for å jobbe aktivt med dette. I undervisninga bør det vere opplæring og innføring i det kyrkjelege demokratiet.

Lokalt bør det vere prosessar som gjer det råd å påverke undervisnings- og læringsaktivitetar. All medverknad bør vere reell, frivillig, alderstilpassa, informert og representativ. Barn, ungdom og vaksne bør delta aktivt i planlegging og evaluering av aktivitetar. Ansvar for barn sin medverknad ligg hos den vaksne.

Det er viktig at kyrkjeleg undervisning og læring ikkje blir prega av majoritetsblindskap, men at minoritetar blir inkluderte på ein likeverdig måte, og at deira perspektiv og erfaringar får rom.



Foto: Kirkerådet



# Kapittel 7

# Lokalt planarbeid







Godt lokalt planarbeid, målretta kommunikasjonsarbeid og satsing på kompetanse er viktige føresetnader for å lukkast med kyrkjeleg undervisning og læring.

Etter at Plan for trusopplæring *Gud gir – vi deler* blei vedtatt i 2009, gjorde kyrkjelydane eit omfattande arbeid med å utvikle lokale trusopplæringsplanar. Dette har bidratt til å skape samanheng i trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane. I 2023 blei *Kirka vår – samla plan for arbeidet i soknet* lansert. *Kirka vår* er eit strategisk verktøy som samlar planarbeidet for heile kyrkjelyden, inkludert undervisning og læring, diakoni, misjon, kyrkjemusikk, gudstenesteliv og anna arbeid.

Ein ny overordna del og nye rammeplanar for kyrkjeleg undervisning og læring gjer at kyrkjelydane på nytt må vurdere planane og aktivitetane sine knytt til dette feltet. Bør dei bli justerte for å vere i tråd med det nasjonale planverket? For å skape større heilskap og samanheng i kyrkjeleg undervisning og læring bør ein sjå kontinuerlege og tidsavgrensa aktivitetar og tilbod under eitt. Det er framleis viktig at Den norske kyrkja held fast på breiddeperspektivet ved mange av sine tilbod innan kyrkjeleg undervisning og læring. Dette står ikkje i motsetnad til kontinuerleg arbeid. For å nå målet om at stadig fleire menneske skal kunne leve og vekse i den kristne trua, bør det vere eit mangfald av tilbod som gir rom for både grunnleggjande kunnskap og fordjuping.

Verktøyet *Kirka vår* samlar kyrkjelyden sine aktivitetar på ein stad, og gjer det råd å sjå desse i samanheng. Kyrkjelyden blir utfordra til å





vere medviten om særtrekka ved soknet og lokalmiljøet samt lokale utfordringar og ressursar. Her er det mellom anna viktig å reflektere over korleis nasjonale, språklege og andre minoritetar kan finne ein naturleg plass i kyrkjefellesskapen og i kyrkjelege aktivitetar.

På bakgrunn av dette kan soknerådet vedta satsingar for ein planperiode, og fastsetje kva aktivitetar som skal bli gjennomført. Kyrkjerådet og bispedømeråda vil gi støtte til kyrkjelyden si satsing på samla plan ved å tilby kurs og rettleiing.

Rettleingsmateriell knytt til Kirka vår – samla plan for arbeid i soknet omtalar prosessen fram mot vedtatt plan, inkludert involvering av tilsette, frivillige, innbyggjarar i soknet og ulike aktørar i lokalsamfunnet.

## Komunikasjonsarbeid

For å nå ei brei målgruppe med mangfald av aktivitetar må kommunikasjon med døypte og interesserte vere prioritert og ha høg kvalitet. Det er nødvendig å auke medvitet om kva som gjer



Foto: Torstein Kiserud



kyrkjelyden sine tilbod synlege lokalt. Å kjenne lokalmiljøet godt er ein føresetnad for å nå ut med tilboda.

Eit godt møte med kyrkja kan byggje tillit og relasjonar. Difor er det viktig å vere bevisst kring måten kyrkja sine tilsette og frivillige møter barn, ungdom og vaksne som oppsøker tilbod og aktivitetar.

I tillegg til å vere synleg lokalt og drive aktivt relasjonsarbeid, er digitale plattformer viktige kommunikasjonskanalar. Oppdaterte nettsider gjer at det er lett å finne relevant informasjon. Sosiale medium kan nå ut med informasjon andre stader enn det dei tradisjonelle nettsidene gjer, og er difor eit viktig supplement. Nasjonalt blir det utarbeidd malar og kampanjar retta mot forskjellige målgrupper. Desse kan fritt brukast og bli tilpassa lokale forhold. Når heile kyrkja løftar saman, kjem budskapet ut til fleire!

## **Evaluering, fagleg utvikling og fornying**

*Kirka vår* legg til rette for jamleg evaluering av kva som fungerer og kva ein bør endre og justere. Brei involvering frå frivillige og andre medlemmar i evalueringsprosessar kan gi auka engasjement.

Rettleiingstekstene i *Kirka vår* viser korleis ein slik prosess kan skje.

For å ivareta mangfaldet i læringskontekstar treng det kyrkjelege undervisnings- og læringsfeltet å samhandle med andre fagfelt og byggje på nyare forskingsbasert kunnskap. Kyrkja nasjonalt og regionalt og dei ulike arbeidsgivarane i kyrkja har ansvaret for kompetanseheving og fagfornyning.



Kapittel 8

**Ansvarsforhold  
og samarbeid om  
kyrkjeleg undervisning  
og læring**





Samarbeid og samhandling, både i kyrkjelyden og i møte med lokalsamfunnet og andre aktørar, kan skape eit større og ope rom for kyrkjeleg undervisning og læring. Kyrkjeleg undervisning og læring kan gå føre seg anten i kyrkjelydens eigne lokale eller andre stader i lokalsamfunnet. Kyrkja skal både invitere inn og vere oppsøkande. Impulsar frå forskjellige bidragsytarar kan utvide og gjere kyrkja sitt undervisningstilbod rikare.

## **Samarbeid i kyrkjelyden og med dei kristne organisasjonane**

Soknerådet, frivillige og tilsette har kvar på sin måte ansvar for å verkeleggjere kyrkja sitt oppdrag. Soknerådet har ansvaret for å vedta



Foto: Bo Mathisen



ein samla plan som inkluderer aktivitetar innan undervisning og læring, medan fellesrådet har ansvaret for å leggje til rette for nødvendige ressursar. Undervisningsarbeidet blir leia av ein kateket eller ein annan tilsett med kyrkjeleg undervisningskompetanse, men heile kyrkjelyden – både tilsette, frivillige og deltakarar – kan kvar på sin måte vere med å forme tilbod og aktivitetar. Tverrfagleg tilnærming, samhandling og relasjonelt arbeid er nødvendig for å sikre kvalitet og god gjennomføring av den lokale planen.

### **Frivillig medarbeidarskap**

Gjennom sine tenesteordningar og arbeidsbeskrivingar har tilsette i kyrkjelyden ansvaret for å stimulere og legge til rette for frivillig medarbeidarskap. Frivilligleinga skal hjelpe til at heile mangfaldet av ressursar og eigenskapar kjem til uttrykk, og at samspelet mellom frivillige og mellom frivillige og tilsette blir godt. Dette handlar mellom anna om tilstrekkeleg opplæring og oppfølging av kvar enkelt, og om å sikre gode rammer som fremmar tryggleik og god etisk praksis. Å vere frivillig i ein kyrkjelyd betyr også å høyre til i ein fellesskap der det blir skapt relasjonar og opna opp for andre møteplassar enn berre dei oppgåveorienterte.

Ei god tilnærming til frivillig medverknad er å ta utgangspunkt i enkeltmennesket sin kompetanse, nådegåver og interesser. Dette kan bidra til auka motivasjon, sterkare tilhøyrslø og nye initiativ. I praksis betyr dette at mangfaldet av aktivitetar i ein kyrkjelyd spring ut frå dei menneska og ressursane som finst i fellesskapen. Dette er viktig både for å vitalisere kyrkja og for å styrkje demokratisk medverknad.

## **Heimen og barnet sine omsorgspersonar**

Heimen er ein viktig arena for læring. Foreldre og fadrar har saman med kyrkjelyden og heile kyrkja fått eit ansvar for opplæring.

Kyrkjelyden bør difor bekrefte og støtte opp om den læringa som skjer i heimen, mellom anna gjennom å tilby ressursmateriell. Samhandling med heimen er viktig i undervisnings- og læringsarbeidet i kyrkjelyden. Gjennom positive møtepunkt blir det skapt gode relasjonar til deltakarar, foreldre og fadrar. Tidsavgrensa aktivitetar for barn, ungdom og vaksne gir høve til å invitere breitt, etablere og pleie relasjonar samt tilby vidare oppfølging og støtte.

Nokre gonger kan det oppstå situasjonar som fører til at menneske blir hindra frå å ta del i kyrkjelyden sine aktivitetar, men som ønskjer eit tilbod. Då er det viktig at kyrkjelyden er kjent med og kan tilby ressursar som kan brukast heime. Dette kan vere bøker, materiell eller digitale ressursar som er tilpassa deltakarane sin alder og funksjonsnivå.

## **Samarbeid med dei kristne organisasjonane**

Dei frivillige kristne organisasjonane er viktige samarbeidspartnarar for kyrkjelydane i Den norske kyrkja. Organisasjonane rår over spisskompetanse på sine område, og har brei erfaring med frivillig arbeid. Gjennom dei kristne organisasjonane kan menneske få kontakt med kristne miljø med ulik identitet og profil. Dette gir fleire høve til å ta del i ein mangfaldig fellesskap og bli kjend med breidda av kristne praksisar.

Kirkens unge er ein strategisk plattform for forpliktande samarbeid mellom Den norske kyrkja og dei kristne barne- og



ungdomsorganisasjonane.<sup>5</sup> Det er utarbeidd ei rettleiing til plattformen, som legg til rette for eit ryddig samarbeid. Rettleiinga tek føre seg organisering av kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, kva ein bør ta omsyn til ved forpliktande samarbeidsavtalar og samspelet mellom kyrkjelyden og organisasjonen sitt lokallag.

### **Samhandling med kommunen og andre aktørar**

I kvar kommune i Noreg finst det kyrkjebygg og kyrkjelydar. Den norske kyrkja er ein viktig del av lokalmiljøet, og skal streve etter å vere ein truverdig og kompetent samfunnsaktør. Det inneber mellom anna å samarbeide om berekraftsmåla og bidra til trygge og inkluderande lokalsamfunn. I møtepunktta mellom ulike aktørar lokalt kan det skje samskaping og nybrottsarbeid.







## **Skole, barnehage og tilbud etter skoletid**

I eit utvida tilbod om kyrkjeleg undervisning og læring er det inkludert eit samarbeid med barnehagar og skolar, samt tilbod etter skoletid. Dette samarbeidet skal gå føre seg innanfor ramma av skolen/barnehagen/skolefritidsordninga sitt føremål og rammeverk. Gode avtalar og lokalt utarbeidde planar er nødvendige for å skape føreseielege vilkår og for å lukkast med samarbeidet.

Det er viktig at tilsette i kyrkjelyden er oppdaterte på gjeldande fagplanar for barnehage, skole og skolefritidsordning. Den materielle og immaterielle kulturarven i kyrkja kan bidra til opplevingar, undring, utforsking og djupnelæring for alle barn og unge, uavhengig av tru og livssyn. På denne måten kan Den norske kyrkja vere ein ressurs for å nå kompetansemåla i skolen og måla i barnehagane sine fagområde.

Tida etter skoletid er barna si fritid. Kyrkja kan difor invitere til aktivitetar etter skoletid i eigen regi. Kyrkja kan også etablere samarbeid med den lokale skolefritidsordninga, i samsvar med rammeplanane for desse.

## **Samhandling med andre aktørar i lokalsamfunnet**

Kyrkjeleg undervisning og læring som er retta mot ei breiare målgruppe enn kyrkjemedlemar bør vere open for samarbeid med eit breitt spekter av aktørar i lokalsamfunnet. Samarbeid med relevante lokale organisasjonar og institusjonar kan vere med å utløyse innovasjon og styrkje kvaliteten i kyrkjeleg undervisning og læring. Døme på samarbeidspartnarar kan vere kulturskole, idrettslag, korps eller historielag. Det kan også vere aktuelt å samarbeide med andre trus- og livssynssamfunn. Gjennom dette samarbeidet blir kyrkja synleg i lokalsamfunnet, samtidig som kyrkjelyden kan utvikle tilbod av høg kvalitet.

## Referanseliste

- 1 Kirkerådet. (2021). *Strategi for Den norske kirke*. Vedtatt av Kirkemøtet 2021 (KM 22/21).
- 2 Bispemøtet. (2020). *Livstegnet – et hefte om dåpen*.
- 3 Samisk kirkeråd. (2011). *Strategiplan for samisk kirkeliv*.
- 4 Sameloven. (1987). *Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven)*. (LOV1987-06-12-56). Lovdata.
- 5 Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsorganisasjoner. (2018). *Kirkens unge. Strategisk plattform for barne- og ungdomsarbeid i Den norske kirke*.

Kyrkerådet. (2025). *Plan for kyrkjeleg undervisning og læring – overordna del*. Vedtatt av Kyrkjemøtet 2024 (KM 6/24)

ISBN 978-82-7545-224-3 (trykt, heftet)

ISBN 978-82-7545-225-0 (PDF)







## Livslang læring – for alle

Plan for kyrkjeleg undervisning og læring er Den norske kyrkja si plan for livslang læring. Den overordna delen av planen vart vedteken av Kyrkjemøtet i 2024, og vert følgt opp med rammeplanar for ulike aldersgrupper. Heile dokumentet og andre ressursar til arbeidet med undervisning og læring i kyrkjelyden finn du på [ressursbanken.no](https://ressursbanken.no).

